



Arkivnr: 2014/16773-11

Saksbehandlar: Frode Mannsåker

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		13.11.2014

Informasjon om mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018

Samandrag

Etter underteikning av ny samarbeidsavtale (IA-avtale) med NAV 19. juni 2014, har ei partssamansett arbeidsgruppe lagt fram utkast til nye mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK for perioden 2014-2018. Hovudarbeidsmiljøutvalet har 24.10.2014 godkjent utkastet, med nokre mindre endringar. Sentralt i dokumentet er prinsippet om at IA-arbeidet skal vere ein del av det systematiske og førebyggjande hmt-arbeidet, jf. den overordna hmt-planen som HAMU godkjende 23. mai 2014.

Forslag til vedtak

Administrasjonsutvalet tar dokumentet «Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018» til orientering.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

- Mål og tiltak for IA-arbeidet i HFK 2014-2018, godkjent av HAMU.
- Underteikna samarbeidsavtale om eit meir inkluderande arbeidsliv 2014-2018

Fylkesrådmannen, 30.10.2014

Hordaland fylkeskommune underteikna ny samarbeidsavtale med NAV 19. juni 2014 (sjå vedlegg), etter å ha vore IA-verksemde sidan 2003.

Samarbeidsavtalen er i hovudsak ei vidareføring av den førre versjonen (2010-13). Det ligg som eit krav til IA-verksemde at arbeidsgivaren, dei tillitsvalde, verneombodet og dei tilsette elles utarbeider eigne, nye mål for IA-arbeidet i den nye avtaleperioden.

Ei partssamansett arbeidsgruppe med representasjon frå arbeidsgivar, personalseksjonen, HMT, hovudtillitsvalde og fylkeshovudverneombodet vart nedsett i august 2014, med mandat å utarbeide IA-mål for HFK, i tråd med krava i samarbeidsavtalen. Kontaktperson i NAV Arbeidslivssenter har gitt støtte i planarbeidet. Arbeidsgruppa starta opp 29. august, og leverte 6. oktober eit framlegg til plandokument til fylkesdirektør organisasjon, som så har godkjent planen etter ei mindre justering.

Fylkesrådmannen la plandokumentet fram for godkjenning i HAMU 24. oktober 2014. HAMU godkjende planen med nokre mindre justeringar, m.a. vart nytt punkt om evaluering lagt inn.

Etter handsaminga i HAMU har fylkesrådmannen starta prosessen med å tilpasse og iverksette dei ulike IA-tiltaka utover i organisasjonen.

IA-arbeidet skal vere integrert i det systematiske og førebyggjande hmt-arbeidet i HFK, jf. den nye overordna hmt-planen for HFK 2014-2017 som HAMU godkjende 23. mai i år. Det er derfor ein føresetnad at den vidare planlegginga av IA-tiltak vert nedfelt i hmt-planane for dei ulike avdelingane og einingane i fylkeskommunen. Slik planar skal verte publiserte i Kvalitetssystemet.

Fylkesrådmannen vil følge opp IA-arbeidet, og legge fram status for planlegging og iverksetting for HAMU. Det vert vist til kravet i Samarbeidsavtalen med NAV om at IA-arbeidet to gonger i året skal settast på dagsordenen som ein integrert del av arbeidsmiljøarbeidet i verksemda, og til tiltak nr 1 i plandokumentet om at HAMU skal ha i IA som sak to gonger årleg. Det vert også vist til punktet om årleg evaluering av dokumentet i HAMU.